

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: ØLBRYGGING.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Denne oppgåva har eg ingenting å skriva om, for der eg har livd og vanka har det ikkje vore olbrygging av noko slag.

1. Eg veit ikkje om nokon som no bryggjer øl.

2. Om nokon i det heile har bryggja øl så er det no i minsto sluttX her ikring. Eg har heller ikkje råka på nokon her i bygda som kan minnest at det vart bryggja øl. Der i mot har eg råka ei kvinna, som no er 80 år og øtta frå Beiarn, som kan minnest at i hennar barndom vart det bryggja øl, maltøl, der i bygda.

Frå min eigen barndom har eg eit einaste minne om øl= brygging i barneheimen min, Gjerdet på Bjarang i Meløy,

Helgeland. Men det var ikkje maltøl. Det eg no kan minnest vart det kalla einbærøl. Korleis det vart laga har eg ikkje minste kjennskap til då eg truleg då var berre 6-7 år gamal. Ølet vart bryggja til jul.

Når det ikkje har vore noko brygging av maltøl i manns minne kjem det truleg av at folket ikkje hadde råd til å lage malt. Kornet måtte dei bruke til mjøl. Endå vart både grauten og suppa tunt, for Kjerringøy har allstøtt hatt skrale kørnjorde. Då skulle det vera muneleg betre i så måte i Beiarn.

5. Det eg veit er det ingen som no lagar øl av noko slag her i bygda korkje av Tomten eller anna slag.

D. Humle.

34. Folk kjøpte humle, men det var for å lage gjester åt stompen. Humlen vart kjøpt hjå handelsmannen, og gjestern koka i heimane. Her var sume i bygda som hadde humle på garden sin, men det var så få at nokon tyfnad hadde det ikkje.

H. Mjød.

Mjød er heilt ukjend her i bygda.

Kjerringøy i november 1952.

E. Tidemann